

Saksbehandlar: Bent Rønnekleiv, Tannhelsetenesta  
Sak nr.: 14/6836-2

## **Endra organisering av Tannhelsetjenestens Kompetansesenter Vest**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Samarbeidsavtalen mellom Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune vedteke i FT-sak 60/10 og revidert i FU-sak 130/11, vert oppheva.

Vedlegg:

- 1 Samarbeidsavtale mellom Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 2 Revidert samarbeidsavtale
- 3 Samhandlingsdokument

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkestinget vedtok i sak 60/10 samarbeidsavtale mellom Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar om Tannhelsetjenestens Kompetansesenter Vest (TkVest). Ei revidert mellombels avtale vart vedteken i FU-sak 130/11.

Det er no etablert eit kompetansesenter i Rogaland og eit i Hordaland. Dette er avdelingar under TkVest. Statlege styremakter ser no desse avdelingane som sjølvstendige kompetansesentre. I framlegg til statsbudsjett for 2015 er det omtala 6 kompetansesentre på tannhelsefeltet mot 5 i tidlegare budsjett. Auken kjem av at eitt kompetansesenter på Vestlandet med to avdelingar har blitt til to sjølvstendige kompetansesentre.

I samband med søknad om midlar for drift av TkVest 2014, vart det frå Helsedirektoratet gjeve tilsegn direkte til dei to etablerte kompetansesentra. Det vart og bede om separat rapportering og separate søknader om midlar framover.

Andre opplysningar

I Rogaland har fylkestinget samrøystes vedteke å tre ut av samarbeidsavtalen (FT sak 73/14, Rogaland).

I Hordaland kjem saka opp i Fylkesutvalet 19-20. november. Det er venta at også Hordaland fylkeskommune også kjem til å tre ut av avtalen.

Sentrale problemstillingar

Då TkVest vart oppretta i 2010 skulle det etablerast ei sentral koordinerande eining og fullverdige kompetansesenteravdelingar i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. I praksis var dette eitt kompetansesenter, men med tre fylkesvise avdelingar.

Året etter vart ei revidert samarbeidsavtale vedteken. Årsaka til revidering var at det var nødvendig med noko meir tid til å optimalisere ressursbruk i forhold til dei oppgåvene kompetansesenteravdelingane skulle løyse.

Avdelingane i Rogaland og Hordaland har gradvis bevega seg mot sjølvstendige kompetansesenter og har i realiteten vore underlagt dei respektive fylkeskommunane.

Leiarane for tannhelsetenesta i dei tre fylkeskommunane er einige om å samarbeide vidare, men då gjennom eit samhandlingsdokument. Dette dokumentet forpliktar ikkje dei tre fylkeskommunane juridisk eller økonomisk.

Tidlegare var det intensjonen å bygge opp ei kompetansesenteravdeling i Sogn og Fjordane, då med hjelp frå TkVest. For Sogn og Fjordane vil det med ny organisering vere uråd å etablere eit eige kompetansesenter. Det bør difor ikkje arbeidast vidare med ei slik etablering.

Sogn og Fjordane fylkeskommune bør i staden forsøke å knyte seg opp mot kompetansesenteret i Hordaland.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Vedtaket får ingen budsjettmessige eller juridiske konsekvensar for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

## **3. Konklusjon**

Når Rogaland og Hordaland fylkeskommune ønskjer å tre ut av gjeldande samarbeidsavtale må også Sogn og Fjordane fylkeskommune oppheve avtalen. Det er etablert kompetansesenter i Rogaland og Hordaland. Det vil vere uråd å etablere eit eige kompetansesenter i Sogn og Fjordane utan ei koordinerande eining i TkVest. Samarbeidet mellom dei tre fylkeskommunane vil halde fram gjennom eit samhandlingsdokument. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør forsøke å knytte seg tett opp mot kompetansesenteret i Hordaland. Dette for å tilby spesialistbehandling til våre innbyggjarar og at våre tilsette skal kunne få auke kompetanse og drive forskning.

Fylkesrådmannen vil på dette grunnlaget ev. kome attende til saka.